

## **Høyringsuttale/merknader til arealdel av kommunedelplan og til kommunedelplanen Knarvik-Alversund og Alverstraumen, 2019-2031.**

Me representerer naboar og har følgjande merknader til arealplan, Skarsvegen 29, Alversund, til foreslått endring frå LNF til offentleg/privat tenesteyting, oppsummert slik:

1. Endra bruk vil vera i konflikt med nabolaget og tur/fritidsinteresser.
2. Grunneigarane har konkrete relevante forslag til alternativ lokalisering, som innfir krava, og utan slike ulemper
3. Jordvern, svært stor interesse for eigedomen som ordinær småbruk- og LNF-eigedom. Generasjonsskifte og ung satsing i småbruk.

### **Ad 1 – interessekonflikter**

Me tykkjer det er svært lite tillitsvekkjande og uakseptabelt at vi som naboar og berørte interessentar i området overhovudet ikkje har blitt informert om kommunen sine planar. Det viser seg at det foreligg eit byggeprogram av *januar 2017* for eigedomen som blei kjøpt av kommunen i september 2017. Vi tok kontakt med kommunen og planavdelinga 13.8.19, fekk kontakt med prosjektleiar 21.8., tilsendt byggeprogrammet 23.8.19 og møte med prosjektleiar 26.8.19, på vårt initiativ.

Næraste nabo Skarsvegen 25 og 27 ligg 150-200 meter frå foreslått bufellesskap. I tillegg ligg det fleire gardsbruk/husvære langs med den private vegen (500 meter) fram til Skarsvegen 29. Slik det er framstilt i byggeprogram for bufellesskap/omsorgsbustader pluss synes det tydeleg at denne typen verksemd vil ha stor innverknad på nabolaget og for innbyggjarane generelt sine muligheter for natur/friluftsaktivitetar. Konkret vurdering av konsekvensar for nabo-eigedomane eller øvrige interessekonflikter er ikkje omhandla i den utgreiinga som er gjort i byggeprogramplanen eller kommentaren i kommunedelplanen for dette forslaget. Dette synes me er mangelfullt.

Av byggeprogrammet ser me at dette kjem til å medføra ei rekke ulemper for området og naboane:

- biltrafikk – med 7 bueiningar, alle tilsette/skift over døgeret, besøkjande, vareleveransar, renovasjon m.v. vil biltrafikken over naboane bli vesentleg
- hindringar for natur- og friluftsinteresser nær og gjennom eigedomen. Eigedomen er del av det truleg mest brukte friluftsområdet i Alver kommune, eit aktivt turområde for heile Alversund-regionen; både barnehage, skule, idrettslag, familiar, einskildpersonar etc er aktive brukarar i området.
- hindringar for fri bruk/utfalding på nabobruka/-eigedomane av ulike typar aktivitetar som gjev støy og rørsle – det vera leik, maskinbruk, jakt, m.v. sitat «mange av brukarane er svært lydsensitive...»
- hindringar for vegrett som går gjennom eigedomen Skarsvegen 29 for nabo Skarsvegen 25 og 27 for å koma til si eiga utmark (ingen annan tilkomstalternativ)
- usikkerhet om vern/tryggleik – det er i planen stort fokus på vern av tilsette og brukarane sjølve, og naturlegvis vil det bli stor uvisse og uro for naboane i området.

### **Ad 2 – det finst betre alternativ**

Som grunneigarar og innbyggjarar har vi god kjennskap til området her, og vi vil kunna spela inn andre relevante alternativ som vi meiner er langt betre for alle interesser, og som vil oppfylla kriteria skissert i byggeprogram-planen. Dette er eigedomar som vil vera langt lettare tilgjengelege, vera like skjerma, ha langt færre/ingen interessekonflikter, ha langt meir sol (Skarsvegn 29 har ikkje sol vinter, og tidleg solnedgang sommar), vil sannsynlegvis kosta mindre, og ikkje minst - *ha utviklingspotensial på sikt*. Det byggeprogrammet og den planlegging som allereie er gjort, synes i stor grad å kunna brukast på anna lokalisering, sidan planen i all hovudsak er uavhengig av valt plassering (som er

nesta fase av planlegginga). Vi meiner det ikkje er for seint og vil gjerne spela inn desse konkrete alternativa i nærmare dialog med kommunen. Vi meiner at omsorgsbustader pluss - bufellesskap er ein type tiltak som krev langsigtighet og grundig vurdering av fleire alternativ.

### **Ad 3 – jordvern og revitaliseing av småbruksmiljø**

Som kjent er Skarsvegen 29 ein attraktiv eigedom som blei omsett langt over takst og med rekordmange på visning (omsett for 3,5 mnok, mot prisantydning 2,4 mnok). Det var stor interesse frå familiefolk som ville satsa på småbruket. Jordvern burde i dag stå sterkare enn nokon gong. I byggeprogrammet blir det hevda at eigedomen er i attgroing. Dette blei skrive før eigedomen blei lyst ut for sal i 2017. Men i dag veit vi at *alternativet til kommunen* er at bruket ville blitt *gjenopptatt* dersom dei private bydarane hadde fått tilslaget i 2017 (seriøse, unge, småbruks-interessentar var med i bodrunden heilt til slutt, men prisen som kommunen baud, var for høg). Interessa for dette småbruket føyer seg inn i ei revitalisering i nabolaget, der ei rekkje unge familiar no driv småbruk av ulike variantar (bringebær, bakeri, gardsbutikk, bier, villsauer, hjort, hest, m.v.). Det er difor viktig å få fram at småbruk er eit reelt alternativ for Skarsvegen 29. I tillegg kjem negative ringverknader for Skarsvegen 25-27 som småbruk. Neste generasjon, son med landbruksutdanning, har familie med småbarn, og heimflytting synes langt mindre attraktivt/aktuelt dersom bufellesskap-planane skulle bli realisert. Gjennom å tillata omdisponering til dette formålet, legg ein inn ein type aktivitet midt i eit samanhengde LNF-område, som ikkje er forenlig med satsingsvilje og utvikling i småbruksmiljøet rundt.

.....

### **Konklusjon:**

Vi ber difor om at foreslått endring/omgjering av gnr 137 bnr 20 i Lindås, Skarsvegen 29, frå LNF til offentleg/privat tenesteyting, ikkje blir tatt til følgje.

Vi ber om å få koma i dialog med kommunen for å gje innspel til og drøfting av ulike løysingar.

Alversund, 26.8.2019

Venleg helsing

*Sidsel Lauvås*

Sidsel Lauvås , tlf 91 30 51 65 mail: [sidsel.lauvas@innovasjonnor.no](mailto:sidsel.lauvas@innovasjonnor.no)

og Brynjulf Alver (sign), Skarsvegen 25, Alversund

John Strømseng (sign) og Jorunn Litleskare (sign), Skarsvegen 31, Alversund

Sigbjørn Haustveit (sign) og Vibeke Heldal (sign), Skarsvegen 1, Alversund